

ORDNING FOR GUDSTENESTER I KONFIRMASJONSTIDA

Vedteke av Kyrkjemøtet 2021

1. Gudsteneste med presentasjon av konfirmantar som høyrer til i kyrkjelyden

Når konfirmasjonstida tek til, blir konfirmantane i kyrkjelyden presenterte i ei gudsteneste. Ein legg presentasjonen av konfirmantane anten til samlingsdelen eller til forbønsdelen i gudstenesta. Presentasjonen kan blir knytt til lystenning eller andre enkle symbolhandlingar.

Forbøn kan bli henta frå Formulerte forbøner (Forbøn 4) i Ordning for hovudgudsteneste eller bli utforma lokalt.

Følgjande bøn kan ein nytta som Bøn for konfirmantane, under del 18 Forbøn.

L/ML | Lat oss venda oss til Gud i bøn.
Kjære Gud, du kjenner og elsker oss alle.
Takk for livet du har gjeve oss.
Vi takkar deg for konfirmantane.
Vi bed for kvar og éin av dei,
for familien, venene og fadrane.
Velsign konfirmasjonstida
og lat oss alle veksa i tru, håp og kjærleik.
Gud, vi bed:

M | **Kyrkjelydssvar**

L/ML | Gode Gud, du har skapt oss og jorda vi bur på.
Lær oss å ta vare på skaparverket ditt,
skapa fred der hatet rår, gje svoltne mat
og verna menneske på flukt.
Vi bed for landet vårt og for staden der vi bur (eller byen/bygda).
Styrk fellesskapa våre og gje alle ein stad å høyra til.
Gud, vi bed:

M | **Kyrkjelydssvar**

L/ML | Takk for kyrkja,
der du møter oss med dine gaver
og gjev oss framtid og håp.
Lat kyrkja vera staden der trua og livet finn styrke og kraft.
Gud, vi bed:

M | Kyrkjelydssvar

L/ML ||Evt.: Vi bed for...

(aktuelle bøneemne i lokalt- nasjonalt eller globalt perspektiv)

L/ML | Gud vi bed:

M | Kyrkjelydssvar

Her følger Fadervår. Om ein feirar nattverd, bed ein Fadervår under nattverddelen.
Gudstenesta held fram i tråd med den lokale grunnordninga.

2. Konfirmasjonsgudsteneste

Konfirmasjonstida blir avslutta med konfirmasjonsgudstenesta. Ein kan feira nattverd i gudstenesta.

Konfirmasjon blir som hovudregel feira i kyrkjelydens hovudgudsteneste på søn- eller helgedag. Ein kan også leggja konfirmasjonsgudstenesta til ein laurdag.

Gudstenesta følgjer den lokale grunnordninga for hovudgudsteneste.

Ved prosesjon kan ein ringja med alle klokkene.

Presten kan bera messehakel. Den liturgiske fargen er kvit.

Der ein har påskelys, er dette tent.

I. Samling

1 | Førebuing

Klokkeringing

Her eller etter ledd 3 Helsing kan det vera:

Kort informasjon om gudstenesta i dag ved medliturg eller liturg.

Informasjonen blir avslutta med:

ML/L: Lat oss vera stille for Gud.

Kort stille stund

Tre klokkeslag

Eit stjernetekn (*) er sett til ledd der kyrkjelyden som hovudregel står.

2 | *Inngangssalme

Kyrkjelyden står under prosesjon, Inngangssalme og Helsing.

3 | *Helsing

Før dei to første alternativa til inngangsorda kan liturgen seia: Kjære kyrkjelyd:

L | Nåde vere med dykk og fred
frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

ELLER

Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik
og Den heilage andens samfunn vere med dykk alle.

ELLER

I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

ELLER

I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande: Vår skapar, frigjerar og livgjevar.

Dersom kort informasjon om gudstenesta ikkje er gjeven under ledd 1, kan ein gje den her.

4 | Samlingsbøn

Sjå samlingsbøner i Ordning for hovudgudsteneste eller samlingsbøner med eige ledd for konfirmasjon (pkt 9, Samlingsbøner med kyrkjeårsvariable ledd). Samlingsbøn kan også bli utforma lokalt (pkt 10, Modell for lokalt utforma samlingsbøn). Ein kan også nytta følgjande bøn (frå 2002-liturgien):

L | Lat oss be.

Herre, vår Gud, vi takkar deg for konfirmasjonstida.

Takk for at du elsker oss og kjenner alt i våre liv.

Gjer oss opne for det du vil gje oss.

Velsign denne dagen. Amen.

5 | Syndsvedkjenning

Følgjer her, eller før ledd 15 Påminning om dåpen.

6 | Bønerop Kyrie

7 | Lovsong Gloria

8 | Dagens bøn

Dagens bøn kan utelatast.

Ein kan i staden be følgjande bøn:

L | Evige Gud, vi takkar og lovprisar deg.

Det er i deg vi lever, rører oss og er til.

Ver vår styrke og hjelp gjennom livet,

ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre,

som med deg og Den heilage ande lever og råder,

éin sann Gud frå æve til æve.

II. Ordet

Det blir lese éin eller to lesetekstar i tillegg til preiketeksten.

Ein vel i hovudsak tekstar frå tekstutvalet for konfirmasjonsgudsteneste.

Ein kan også velja tekstar frå Tekstar i kyrkjeåret, og ein kan velja andre høvelege tekstar som har vore sentrale i konfirmasjonstida.

Tekstar til konfirmasjonsgudstenesta:

Tekst frå Det gamle testamentet: Salme 71, 1-6

Episteltekst: 1. Joh 4, 7-12

Evangelietekst: Lukas 2,41-52

Tekst frå Det gamle testamentet: Salme 23

Episteltekst: Gal. 5, 13-14

Evangelietekst: Luk 24, 13-16. 28-35

Tekst frå Det gamle testamentet: Salme 8

Episteltekst: 1. Kor. 13, 7-13

Evangelietekst: Joh 11, 17-29

Tekst frå Det gamle testamentet: Jer. 29, 11-14a

Episteltekst: Ef. 3, 14-21

Evangelietekst: Matt. 6, 25-31. 33

Tekst frå Det gamle testamentet: Salme 25, 4-5

Episteltekst: 1. Kor. 12, 12 - 22

Evangelietekst: Joh. 14, 1-7

Tekst frå Det gamle testamentet: Salme 139, 1-6

Episteltekst: Ef. 2, 8-10

Evangelietekst: Luk 15, 1 – 10, eller Luk 15,11-24

L/ML | Lat oss høyra Herrens ord.

9 | Første lesinga

Frå Det gamle testamentet

ML | Det står skrive i /hos...

Lesinga sluttar med:

ML | Slik lyder Herrens ord.

10 | Bibelsk salme / Salme

Ein kan syngja ein bibelsk salme eller ein annan salme, det kan vera korsong eller vera stilt ei kort stund mellom lesingane.

11 | Andre lesinga

Frå Det nye testamentet utanom evangelia

ML | Det står skrive i ...

Lesinga sluttar med:

ML | Slik lyder Herrens ord.

12 | *Evangelium

Halleluja

Evangelielezinga blir innleidd med eit hallelujaomkvede eller eit salmevers med hallelujaomkvede.

Kyrkjelyden står under halleluja, lesing og respons.

Ein kan òg ha evangelieprosesjon. Den som ber boka kan bli følgd av lysberarar.

Sjå hallelujaomkvede i N13: 977.1 – 7. Ein kan også nytta Lovprising/Benedicamus i ledd 25 som hallelujaomkvede. Omtale av halleluja og tractus i finn ein i Gudstenesteboka under ledd 12 Evangelium.

Evangelielezing

L/ML | Det står skrive i evangeliet etter ...

Lesinga sluttar med:

L/ML | Slik lyder det heilage evangeliet.

Respons

Hallelujaomkvede blir teke oppatt, eller det blir sunge ein kort salme eller eit anna svarledd ved kyrkjelyd eller kor.

13 | Preike

Predikanten preikar over evangelieteksten eller annan høveleg preiketekst.

Preika kan avsluttast med ei av desse lovprisingane:

L | Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande,
som var og er og vera skal éin sann Gud frå æve og til æve.

ELLER

L | Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande: Vår skapar, frigjerar og livgjevar.

Etter preika kan det vera tid til ei stille stund, ein kort salme eller meditatív musikk.

14 | Salme

Synsvedkjenning følgjer her, eller som ledd 5.

Dersom det ikkje er dåp følgjer

15 | Påminning om dåpen

Som hovudregel skjer påminninga ved døypefonten.

Liturgen eller ein medliturg heller vatn i døypefonten.

Ein kan også nytta andre symbolhandlingar i tråd med lokale tradisjonar.

L | vend mot kyrkjelyden

Kjære kyrkjelyd:

ANTEN 1

I dåpen frelste Gud oss ut av mørkrets makt og gav oss rett til å vera born av lyset.

Vi vart kalla til å følgja Kristus og leva i samfunn med han.

Lat oss difor vedkjennast forsakinga og trua som lydde ved vår dåp.

ELLER 2

I dåpen vart vi sameina med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus.

Lat oss saman vedkjennast forsakinga og trua som lydde ved vår dåp.

ELLER 3

I dåpen vart vi fødde på ny av vatn og ande.

Vi vart døypte til eit liv i tru og tillit til Jesus Kristus.

Lat oss saman vedkjennast forsakinga og trua som lyder ved dåpen.

ELLER 4

I dåpen vart vi teikna med det heilage krossteiknet og fødde på ny av vatn og ande.

Vi vart sameina med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus og tekne inn fellesskapet i kyrkja.

Lat oss saman vedkjennast forsakinga og trua som lyder ved dåpen.

Kyrkjelyden reiser seg.

16 | Forsakinga og trua

Alle | Eg forsakar djevelen....

Den apostoliske truvekjenninga

Kyrkjelyden set seg.

17 | Salme

I staden for salmen kan det vera vokal-eller instrumentalmusikk.

18 | **Forbøn for kyrkja og verda**

18 A| Forbøn for konfirmantane

Her kan det vera aktuelle forbøner for konfirmantane og deira familiar og nære relasjonar, forbøner som i særskild grad gjeld konfirmantane dette året eller hendingar som er viktige i lokalmiljøet.

Kyrkjelydssvaret følgjer den lokale grunnordninga.

L | Kjære kyrkjelyd

Lat oss takka og be for konfirmantane våre.

Alternativ til lokale utforma bøner:

L/ML | Kjære Gud, vi takkar deg for konfirmantane.

Du har i dåpen gjeve din lovnad om å vera med oss alle dagar.

Vi bed for familiarne, for slekt og vener

og for alle som står konfirmantane nær.

Gud, vi bed:

M | Kyrkjelydssvar

L/ML | Trufaste Gud, du møter oss i Ordet ditt, i bøn og i nattverd.

Styrk oss alle i tru, håp og kjærleik

og gjev oss å nå det evige målet i ditt rike.

Gud, vi bed:

M | Kyrkjelydssvar

L/ML | Evt.: Vi bed for...

(aktuelle bøneemne i lokalt, nasjonalt eller globalt perspektiv)

L/M | Gud vi bed

M | Kyrkjelydssvar

Her følgjer Fadervår. Dersom ein feirar nattverd, kjem Fadervår under Del III, Nattverd.

18 B. | Bønesalme

18 C. | Forbøn med velsigning for den einskilde konfirmanten

L/ML | vend mot kyrkjelyden

Kjære konfirmantar.

Til den kristne trua er de døypte. I den kristne trua er de opplærte. Kom no fram til Herrens altar, så vi kan be for og velsigna kvar einskild av dykk i Jesu namn.

Konfirmantane går fram slik det er avtalt på førehand og kneler på altarringen.

Alternativt kan éin og éin konfirmant gå fram til døypefonten og bli teikna i handa med eit krossteikn av ein medliturg. Det kan også tennast eit lys for konfirmanten. Så går konfirmanten fram til forbøn ved altaret. Når éin konfirmant går frå altarringen, går den neste fram.

Liturgen/medliturgen bed for kvar einskild med handspålegging.

Bønene blir avslutta med " Velsign og bevar henne/han, i Jesu Kristi namn".
Under desse orda teiknar liturgen eit krossteikn over konfirmanten.

Etter forbøna eller ved del IV Sending kan den enkelte ta imot ein kross, ei rose eller ei anna symbolsk gåve, i samsvar med lokal tradisjon.

1. Livsens Gud, vi bed for NN. Hjelp henne/han til å leva i tillit og tru på din kjærleik. Velsign og bevar henne/han, (✠)i Jesu Kristi namn.
2. Trufaste Gud, vi bed for NN. Hald henne/han fast i ei sann tru ved Din heilage ande. Velsign og bevar henne/han, (✠)i Jesu Kristi namn.
3. Gode Gud, vi bed for NN. Ver støtte og tilflukt for henne/han gjennom livet. Velsign og bevar henne/han, (✠)i Jesu Kristi namn.
4. Kjærleikens Gud, vi bed for NN. Styrk henne/han til eit liv i tru, håp og kjærleik. Velsign og bevar henne/han, (✠)i Jesu Kristi namn.
5. Gud, vår skapar, vi bed for NN. Gje henne/han styrke og kraft ved din heilage Ande og vis henne/han dine vegar. Velsign og bevar henne/han, (✠)i Jesu Kristi namn.
6. Evige Gud, vi bed for NN. Lat henne/han vandra i ditt lys og leva omgjeven av din kjærleik. Velsign og bevar henne/han, (✠)i Jesu Kristi namn.
7. Miskunnsame Gud, vi bed for NN. Styrk henne/han ved Den heilage ande og ver med henne/han alle dagar i livet. Velsign og bevar henne/han, (✠)i Jesu Kristi namn.
8. Gud som gjev håp, vi bed for NN. Vis henne/han det håpet ho/han har i deg. Velsign og bevar henne/han, (✠)i Jesu Kristi namn.

9. Ivsens Gud, vi bed for NN. Lat henne/han leva i ditt lys og nå det evige målet hos deg. Velsign og bevar henne/han, (✠)i Jesu Kristi namn.
10. Nådige Gud, vi bed for NN. Ver hennar/hans styrke og hjelp, no og alle dagar. Velsign og bevar henne/han (✠)i Jesu Kristi namn.
11. Trufaste Gud, vi bed for NN. Ver nær henne/han med din nåde og di kraft. Velsign og bevar henne/han, (✠)i Jesu Kristi namn.

Etter at det er bede for alle konfirmantane, seier liturgen:

L | Velsignet er Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde! Fred vere med dykk.

ELLER

L | Gud er kjærleik, og den som blir verande i kjærleiken, blir i Gud og Gud i han. Må han som tok til med den gode gjerninga i dykk, fullføra henne, heilt til Jesu Kristi dag. Fred vere med dykk.

19 | Helsing, kunngjeringar og takkoffer

Her kan det framførast høveleg instrumental- eller vokalmusikk og eventuelt ei kort helsing frå kyrkjelyden.

Helsinga kan koma frå kateketen, kyrkjelydspedagogen eller andre som har hatt spesielt ansvar for konfirmantane. (Sjå allmenne føresegnar pkt. 7.)

Helsinga kan ein forma lokalt, eller ein kan velja frå følgjande alternativ:

L | Kjære kyrkjelyd:

ANTEN A

Saman har vi bede for konfirmantane. Lat oss saman hjelpa dei så dei kan leva i den kristne forsakinga og trua, og modnast til teneste for Gud og vår neste. Lat oss oppmuntra kvarandre til å bruka Guds ord og Herrens nattverd og gå den vegen som fører til livet.

De konfirmentar vil framleis vere omslutta av kyrkjelydens forbøn. Gud er trufast og hans kjærleik utan grenser. Også i tider med likesæle, nederlag og tvil vil Gud vera dykk nær og kalla dykk til samfunn med seg. Hald dykk nær til han. Då vil han, som tok til ei god gjerning i dykk, fullføra henne – heilt til Jesu Kristi dag.

ELLER B

Kristus har kalla oss til å leva i trua på hans oppstode og vera hans vitne i verda. Ver i hans kjærleik og i fellesskapet av alle som trur på han. Lat oss alltid be for kvarandre, og saman med Kristus gå framtida i møte.

ELLER C

Gud kallar oss til eit liv i tru, håp og kjærleik. Lat oss saman søkje Gud i bøn, tilbeding og teneste.

Må Gud styrkja oss med sin nåde til det evige livet.

Takkofferet frå kyrkjelyden kan ein samla inn under førebuinga av nattverdsmåltidet eller under postludiet. Takkofferet kan samlast inn i kyrkjebenkene eller ved at ein går rundt altaret.

III. Nattverd (Ledda 20-23)

Dersom det er nattverd, har han sin plass her.

IV. Sending

Her kan følgja ei symbolhandling dersom denne ikkje vart lagt til forbønshandlinga, ledd 18 C.

24 | Sluttsalme

25 | Velsigning

26 | Utsending

27 | Postludium/Utgangsprosesjon

Konfirmantane går ut av kyrkja i prosesjon, følgde av medliturg(ar) og liturg. Der det er krossberar går denne først i prosesjonen.